

---

Det var 114 medlemar fram møtte som til saman representerte 160 røyster. Møte starta kl. 19:00  
Sverre Olav Handeland valt til møteleiar jf. Vedtekter §8. Kristoffer førte protokollen.

### **Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

---

**Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

### **Sak 2: Val av teljekorps**

---

**Vedtak:**

Heidi-Synnøve Hvidevold, Gislaug Benjaminson, Knut Jan Kaldestad vart vald til teljekorps.

Vedtaket var samrøystes.

### **Sak 3: Val av to personar til å underskriva møteprotokollen**

---

**Vedtak:**

Annemor Elna Ekeland og Sverre Bjørnevik vart valt til å underteikna møteprotokollen.

Vedtaket var samrøystes.

### **Sak 4: Godkjenning av årsoppgjer for 2018**

---

- a) Styre si Årsmelding
- b) Årsrekneskap for 2018
- c) Disponering av overskot 2018

**Vedtak:**

- a) Årsmelding for 2018 (orientering sak)
- b) Årsrekneskap for 2018 vart godkjent.
- c) kr. -1.115.000,- vert overført frå annan eigenkapital

Vedtaket var samrøystes.

### **Sak 5. Fastsetjing av godtgjersle til revisor**

---

Godtgjersle til revisor i 2018 utgjer kr. 115.000,-, herav kr. 96.000,- til lovpålagd revisjon.

**Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner godtgjersle til revisor for 2018 på kr. 96.000,-. Vedtaket var samrøystes.

---

## Sak 6. Orientering om fusjonsprosessen i Fjelberg Kraftlag SA

---

Orienteringssak.

Styreleiar orienterte om fusjonsprosessen med Haugaland Kraft AS. Lotteri- og stiftelsestilsynet fatta vedtak om avslag på søknad om godkjenning etter samvirkelova § 146 gjeldande omdanning av Fjelberg Kraftlag fra SA til AS. Styret har beslutta og anka inn vedtaket frå Lotteri- og stiftelsestilsynet datert 28.5.2019.

### Vedtak:

Orienteringa vart tatt til etterretning.

Vedtaket var samrystes.

---

## Sak 7: Val av styreleiar, styremedlemer, vara medlemer og valnemnd

---

Etter vedtektene står styreleiar står på val kvart år, saman med to styremedlemer. Styreleiar Sverre Olav Handeland, står difor på val saman med styremedlemene Knut Hveem og Harald Sætre Arnevik.

Etter vedtektene skal også varamedlemer veljast kvart år.

**Valnemnda hadde lagt fram følgjande framlegg til val:**

### Val av styreleiar, styremedlemer og varamedlemer.

Valnemnda gjer dette forslag til nyval:

Sverre Olav Handeland	styreleiar, eit år
Knut Hveem	styremedlem, to år
Harald Sætre Arnevik	styremedlem, to år

---

Grete Lise Sjo	varamedlem, eit år
Kjell Henning Sjo	varamedlem, eit år
Tore Thorkilsen	varamedlem, eit år

Alle kandidatane er tilspurd og seier seg viljuge.  
Forslaget er samrøystes i valnemnda.

Bjoanes 20.05.2019

Sverre Svåsand 	Reidar Handeland 	Dag Åsmund Sætre 
---	---	--

**Val av styreleiar:**

Det vart fremja krav om skriftleg val, det vart ikkje fremja motkandidatar. Det vart avgjeve 158 stemmer. 135 stemmer for, 20 mot og 3 blanke stemmer

Sverre Olav Handeland vart valt som styreleiar for eit år (2019 - 2020).

**Val av styremedlem:**

Det vart fremja krav om skriftleg val, det vart ikkje fremja motkandidatar. Det vart avgjeve 158 stemmer. 135 stemmer for, 20 mot og 3 blanke stemmer

Knut Hveem og Harald S. Arnevik vart valt som styremedlem for to år (2019-2021).

**Val av vara medlem:**

Val av vararepresentant var samrøystes. Grete Lise Sjo, Kjell Henning Sjo og Tore Thorkildsen vart valt som varamedlemmer for 1 år (2019 - 2020)

**Styret hadde følgjande framlegg til nytt medlem i valnemnda:**


Val av vararepresentant var samrøystes

Valnemnda: Sverre Svåsand, Reidar Handeland og Dag Åsmund Sætre.

**Vedtak:**

Dei foreslåtte vart samrøystes valt som medlemmer i valnemnd for 3 år (2020 – 2021 -2022).

Møtet vart avslutta ca. kl. 20.10



Annemor Elna Ekeland



Sverre Bjørnevik



Sverre Olav Handeland  
Møteleiar